



DEN NORSKE KYRKJA

ÅRSMELDING FOR VINJE SOKNERÅD 2025

1. SOKNERÅDSARBEIDET

1.a Soknerådet og tilsette 2025

Hovudsaker i 2025:

- Hovudsaka dette året har dreia seg om Kyrkjestova på Oppheim, og korvidt den skal leggjast ut for sal, om Soknerådet skal overta eigarskap eller om den fortsatt skal vera i Voss Herad sitt eige og i såfall kva konsekvensar det vil få for vår framtidige bruk av huset.

Soknerådet har i 2025 vore samansatt slik:

Leiar: Rigmor Ulvund

Nestleiar: Turid Lirhus Representant trusopplæringsutvalet

Skrivar: Terje Hole

Kasserar: Inge Hole

Medlem: Jan Gilbakken Representant for kyrkjestova

Margunn Mørkve Representant Voss kyrkjelege fellesråd

Representant diakoniutvalet

Redaksjonsmedlem i kyrkjelydsbladet

1.vara Thomas Sleen

2. vara Kari Johanne Øvstedal Ansvarleg brurekruna

Geistleg repr.: Arnulf Sandvik

Dei tilsette og frivillige for 2025 har vore:

Organist – 30% stilling sokn)	Ellen Marie Selland Geithung (+ 30% Oppheim sokn)
Kyrkjetenar – tilsett på timar	Trond Olav Neteland (+ Oppheim sokn)
Kyrkjeverje:	Svein Tøsse
Revisor:	Gunn Hommedal Kvitne og Brita Tveite
Klokkarlag – frivillige	Einar Midthun (fram til sommaren)
soknerådsmedlemer:	Kari Johanne Øvstedal
	Margunn Mørkve
	Rigmor Ulvund

1.b: Møte, kurs og representasjon

- Det har vore halde **8. soknerådsmøter**. Og det vart handsama 34 saker saman med Oppheim sokneråd.
- **Kyrkjelyden sitt årsmøte for 2024** vart halde i Vinje Kyrkje rett etter gudstenesta søndag 16.mars 2025. Det var om lag 15 frammøtte. Rigmor Ulvund las årsmeldinga og Inge Hole las årsrekneskapen.
- **Årets fasteaksjon** var tysdag 8.april. Det kom inn kr. **13.164,-** – som gjekk til Kirkens Nødhjelp «Håp i en dråpe vann». Det er 7.550 kr meir enn året før. Konfirmantar, foreldra og soknerådet stod for innsamlinga og oppteljing. Takk til alle som støtta aksjonen.
- **Kyrkjegardsdugnaden** vart halde onsdag 14. mai både her på Vinje og på Oppheim. Soknerådet var til stades og deltok. Dei stilte også med kaffi og kaker. Voss Hagelag og Hageland på Voss stilte med sal av plantar og jord. Dugnaden var lyst ut på førehand. Det var innom nærmare 20 personar med stort og smått her på Vinje.
- **Internt val 2026** – styret for Vinje Sokneråd gjorde ingen interne endringar for det komande året. Så styret for 2026 vil vera likt som i 2025.

- **Stølsmessa i Tjødnarhovden** vart arrangert søndag 24.august. Vinje sokneråd deltok på dugnad her saman med Oppheim sokneråd og familien Sundsvoll. Sokneråda stod for maten, og selde både betasuppe, rømmegraut og kaffi og kaker. Det møtte om lag 90 stk.

- 26. Oktober vart det halde gudsteneste for **Gullkonfirmantane**. Det møtte 17 stk. til gudsteneste i Oppheim kyrkje, med festsamkoma på Helgatun etterpå. Christine Kalsås stilte som representant for begge sokneråda.

- **Kyrkjekaffi** er eit sosialt tiltak for kyrkjelyden som me ynskjer å behalda. Me kan ikkje seie å ha sett stor effekt av tiltaket enno, men ynskjer likevel fortsetja med dette, då me ser det er eit godt tiltak for dei som deltek. Soknerådsmedlemene har meldt seg frivillig til å ta arbeidet med kyrkjekaffien.

- Soknerådet er på **Facebook**, og har no 457 fylgjarar. Der deler me info om komande arrangement og gudstjenester. Sida deler me med Oppheim sokneråd, og det er tilsette på kyrkjekontoret som administrerer denne saman med leiar for Vinje sokneråd.

1.c Reparasjonar og vedlikehald

- Kyrkja har fortsatt behov for maling og oppatkitting av vindauga. Her er det i løpet av 2025 ikkje gjort noko arbeid, og det handlar utelukkande om økonomi. Det rauk ein lampe til flombelysninga i haust, og det tok litt tid før den vart ordna, men var i orden igjen til jol. Adventsljosa kom på plass til 1. søndag i advent, og dei er eit kjærkoment innslag utanfor kyrkja vår i adventstida.

1.d Tilskot

I 2025 fekk me tildelt kr. 60.000 frå stiftinga **Lars og Gudrun Kjønnagaardsstiftelse**. Av desse var 14.100 kr til konfirmantarbeid, 21.180 kr til prosjektor i Oppheim kyrkje, 14.100 kr til kyrkjemusikalsk arbeid og 10.620 kr til fredagsklubben.

2. KYRKJELYDSARBEIDET

2.a Kyrkjestatistikk

Det har vore gjennomført 17 gudstenester i Vinje sokn.

- 14 søndagsgudstenester og 3 ikkje-søndagar
- 0 vielsar
- 7 gravferder
- 5 dåpsgudstenester
- 12 andakter på Omsorgstunet
- 2 konsertar
- 8 konfirmentar i soknet, gudstenesta føregjekk i Oppheim kyrkje

2.c Barne- og ungdomsarbeid

VOSSESTRAND BARNEKOR under leiing av Ellen Marie Selland Geithung:

I år har det vore 22 born innom koret, av desse kom 14 frå Vinje sokn. Øvinga varer i 45 min. Me song på utdelingskonserten til LGKS i februar, og på Kulturarvdagen på Stalheim i august. Me har sunge på ei T-dagsgudsteneste i haust, på basar 1. nov på Omsorgstunet og på "Me syng jola inn" i Vinje kyrkje. Elles har me hatt avslutningskonsertar for slekt og vener, både før sommaren i kyrkja på Vinje, og til jol på Omsorgstunet. Barnekoret hadde 33 samlingar.

BABYSONG av Ellen Marie Selland Geithung:

Babysong har som før vore 6 samlingar både vår og haust i kyrkjestova på Oppheim. Med song etterfulgt av ei lita matøkt. I vår var det 10 born, og i haust 9 born som var med. På begge kursa hadde me ei av samlingane på Omsorgstunet.

FREDAGSKLUBBEN av Anja Slåtten

Fredag kl 18 – 22.00 i Kyrkjestova på Oppheim. Ein gong i månaden samlast 4. – 10.-klasse. Me har valt å dele gruppa, så dei yngste, 4-6.klasse kjem kl 18.- 20.00, og 7.-10.klasse frå kl 20.- 22.00. Det har vore 11 samlinger i 2025. Programmet varierer litt, men det som er fast er:

- Alle vert møtt i døra og ynskt velkomen, så legg dei mobilen i ei korg (mobilfritt arr.)

- Frileik fram til andakt og mat ca 18.45
- Samling rundt bordet der me først har andakt, så syng me bordvers før me et. Det er forutsigbart og har fungert godt.
- Lykkehjulet er veldig populært – og me har små premiar som gevinstar

Me har hatt besøk av Sara Hansen (pastor i Salt), John Ove Thaulé, bygdekvinnelaget og Ann Kristin Riise (ifm misjonsprosjektet 4P) i løpet av året. Stor takk til dykk.

På eldste gruppa gjeld stort sett det same, men dei føretrekk å spele bingo etter andakt og mat, ein aktivitet dei organisera sjølve.

Elles har me handarbeidkrok og eit variert utval av ulike spel og aktivitetar i 1. og 2.etasje.

Fredagsklubben var gjenoppstarta i 2023 med god hjelp økonomisk frå Kjønnegardstiftinga, Voss sparebank og soknerådet og Voss kyrkjelege fellesråd.

Om me skal ta gjennomsnitt er det gjerne 30 som møter fram kvar gong, nokon gonger fleire og andre gonger færre, men sjeldan færre enn 20.

Me er uendeleg takksame for Marta Jorunn Almeland Kvamme, Anita Halrynjo Lunde og Ragnhild Bystøl som trufast stiller opp og lagar mat til heile gjengen, tusen takk!

Og tusen takk til alle foreldre og besteforeldre og andre som er med som vakter desse kveldane! Me er avhengige av minimum 8 vaksne på kvar samling for at det skal vere ein trygg plass for borna å vere, inkludert kjøken. På eldste gruppa kan me vere litt færre vaksne. Det er ein trufast gjeng å samarbeida med.

Fredagsklubben støtter misjonsprosjektet 4P «ForPeople». Det er ein norsk/filippinsk organisasjon basert på kristne verdier. Visjonen deira er: «Finn dei, hjelp dei og styrk dei til ei betre framtid.» Dei arbeidar mykje i slumstrøka og byggjer barneheimar. Fredagsklubben sender leiker og kle med ein representant frå 4P ein eller to gonger i året. Og me er so takksame for alle fine sommarklede, sko og leiker ungane/ungdommane på Fredagsklubben har samla inn. Me får tilsendt bilete, som me viser på Fredagsklubben. Me har fått fine bilete av borna med gåvene i hendene sine, kort dei har skrevet til fredagsklubben, samt avbilda med klede som er sendt. Dei skal me visa no i februar. Fredagsklubben hadde 11 (44 timar) samlingar. Det var i snitt 15 born frå Vinje som møtte.

Anja Slåtten organisera og leiara samlingane saman med Gro Samland.

2.d Trusopplæring

T-dagar og anna barne- og ungdomsarbeid.

Trusopplæringa har endra namn til Kirkeleg undervising og læring (KUL). Dette gjeld for heile landet. Me held likevel på omgrepet T-dagar, då dette er godt innarbeida i bygdene våre. I 2025 har me hatt denne bemanninga innafor undervising i Voss kyrkjelege fellesråd:

- ☐ Kateket Rønnaug Skjeldal (100 %),
- ☐ Kyrkjelydspedagog Camilla Margareta Velsvik (100%).
- ☐ Åshild Bøe Karazmi har vore tilsett i 30 % inn mot Mini-Midi Sing, samt 20% fast stilling innan Kirkeleg undervising og læring.

I tillegg er mange av dei andre tilsette med i Kirkeleg undervising og læring.

Me har vore prega av sjukemeldingar blant dei tilsette dette året.

Me har gjennomført desse trusopplæringsdagane i 2025:

- ☐ Dåpsamtale og dåp: 9 born vart døypt i Vinje sokn.
- ☐ T1: Babysong: 10 born= 125% av årskullet.
- ☐ T2 Krølletreff: Avlyst grunna sjukdom.
- ☐ T3 Undretur: 5 born= 83 % av årskullet.
- ☐ T4 Utdeling av barnebibel: 9 born= 100 % av årskullet.
- ☐ T5 Julekrubbeverkstad: 3 born= 100 % av årskullet.
- ☐ T6 Heilt førsteklasse: 3 born= 33 % av årskullet.
- ☐ T7/T8/T9 Trylleshows med Ruben Gazki: Tema: Jesus settar 5000: 17 born= 74 % av årskullet.
- ☐ T10 Kristuskransen: 5 born= 45 % av årskullet.
- ☐ T11 Lys Vaken: 5 born= 71 % av årskullet.
- ☐ T12/T13 Miljøagentar: 5 born= 28 % av årskullet.
- ☐ T14 Intro til konfirmasjonstida: 7 ungdomar= 100 % av årskullet
- ☐ T15 Konfirmasjon: 8 ungdomar= 100 % av årskullet.
- ☐ T16 Milk. Ingen frå Vinje deltok. Samarbeid med resten av sokna i Voss.

Årskull = døypte born, medlemmer i kyrkja (ikkje alle born som er fødd i året).

Tala som her er førte er born frå Vinje sokn. Oppheim sokn er ført for seg sjølv.

Refleks Ten Sing

Refleks hadde 41 samlingar. Det var 3 ungdomar frå Vinje som møtte.

Julevandring for barnehage

Det var 7 born frå Hauge barnehage som møtte og 9 born frå Sunde FUS barnehage.

2.e Konfirmasjon og konfirmantleir

Det var 12 konfirantar, av desse tilhøyrrer 8 Vinje sokn i 2025.

Konfirmantane reiste på konfirmasjonsleir til Hermon høvfjellssenter 15.- 17.mars. Dette er ei viktig kombinasjon av undervisning og sosial aktivitet som vonaleg er eit varig minne frå konfirmanttida. John Ove Thaule og Anja Slåtten var med som leiarar.

2.f Kyrkjemusikalsk arbeid av Ellen Marie Selland Geithung

Utanom dei vanlege gudstenestene har det også dette året vore "Påska i ord og tonar", denne gong med solist Markus Istad Lirhus på gitar. I tillegg stilte songkoret Strendingen, og Anna Torhild Førund Blikberg las dikt. 17.mai gjekk songarar frå DUS og Strendingen saman til eit lite kor, og song 2 songar i gudstenesta.

"Me syng jola inn" hadde i år som i fjor rundt 70 aktørar. Det vart ein flott og veldig variert jolekonsert. Tusen takk til alle lokale musikarar som år etter år stiller opp.

Elles har me i løpet av året fått hjelp av ulike musikarar til ulike gudstenester. Lars Arve Styve på trompet på Konfirmasjonsgudstenesta. Margunn Blikberg Nordgård, hardingfele, på Folkemusikkmessa. Øystein Haga spelte fløyte på Minnegudstenesta, og Jolafta i begge kyrkjene. Linn Jeanette Sandvik Måge song både på Oppheim og i Vinje kyrkjer jolafta. Me har og hatt to salmekveldar, ein i vår og ein i haust. I vår hadde me «kjente og kjære salmar», og i haust var det «Den nynorske salmeboka», i samband med 100 års jubileet.

I desember hadde me barnehagevandring i Oppheim kyrkje, for dei to barnehagane på Stronde. Trusopplærar Åshild Bøe Kharazmi var med i tillegg til Ellen Marie.

Konsertar utanom kyrkja sin regi, var LGKS utdelinga 23.feb med konsert av born og unge på Vossestrand , i Oppheim kyrkje, og jolekonsert 21.des i Vinje kyrkje med Strenging og Bygdaklang.

2.g Kyrkjelydsbladet

Representant frå Vinje sokn har vore Margunn Mørkve.

Kyrkjenytt kom i sin 84. årgang ut med 4 nummer: til påske, pinse, haustnummer og Jolekveld i Kyrkjelyden.

Redaksjonsnemnda i 2025 har vore: Bjørg Helland (Voss sokn), Jan Ivar Rødland (Granvin sokn, Ellen Iren Johansen Århus (Evanger og Bolstad sokn), Heidi Hisdal (Oppheim sokn), Knut Skiple (Raundalen sokn), Margun Mørkve (Vinje sokn) og Jorunn Våle Tonckens (redaktør). Redaksjonsnemnda har hatt møte før kvar utgjeving. Redaktøransvaret vart overteke av Jorunn Våle Tonckens 01.01.2025.

Innhaldet er variert, med artiklar og praktisk informasjon om ting som skal skje i sokna og reportasjar frå ulike arrangement. I bladet har me også med bilete frå T-dagar, barneside, gudstenesteliste, døypte, vigde og døde. Nye spalter i år har vore «Ord til ettertanke» (dikt med bilete), «gravplasshjørna» (nytt frå Gravplass i Voss) og «Oppslagstavla» (samla oversikt over ulike arrangement framover). Nemnda har bidrege med stoff frå sokna. I tillegg leverer tilsette og andre trufaste bidragsytarar tekst og bilete.

Kyrkjenytt vert utforma av Wenche Horvei og trykt hjå Aksell AS. Opplaget er på 7400. Bladet vert gjeve ut som fulldistribusjon, og vert difor lagt i alle postkasser i Voss herad. Me sender

dessutan bladet til vel 30 husstandar utanfor Voss, og bladet vert også levert til dei fire sjukeheimane/omsorgssentera i heradet.

I 2025 hadde Kyrkjenytt ei samla inntekt på kr. 233 846, medan samla utgifter var på kr. 462 403. Av dette utgjorde utforming, trykking og porto kr. 307 479. Driftsresultatet vart kr. 228 557 i minus. For å redusera utgifter, gjekk me i år over til å trykkja bankgiro for bladpengar/gåve i sjølve bladet. Kyrkjenytt har også fått sitt eige Vipps-nummer (568391).

For redaksjonsnemnda Jorunn Våle Tonckens.

3. TENESTER FOR KYRKJELYDEN

3.a Dåpskjole. Vinje sokneråd har dåpskjole til gratis utlån for alle born tilhøyrande Vossestrand. Ta kontakt med prest eller sokneråd for å låne.

3.b Brurekrune. Den flotte brurekruna til Vinje sokneråd, (frå tidlegare Ingeborg Tveite brurekrunelag) er til utleige, så ta kontakt med eit av bygdekvinnelaga på Stronde om du eller nokon du kjenner ynskjer å vera krunebrur! Kruna var til utlån ei gong i løpet av 2025. Me vonar mange ynskjer å gifta seg i bunad framover.

Soknerådet vil takka alle kyrkjeleg tilsette og friviljuge medhjelparar for flott innsats og godt samarbeid i 2025.

Rigmor Ulvund, leiar

Rekneskapssamandrag 2025

Kapitalkonto 3578 50 35265 Vinje Sokn 2025

Eigendeler	2025	2024
Bank	32 505,61 Kr	31 588,61 Kr
Sum eigendeler	32 505,61 Kr	31 588,61 Kr
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	32 505,61 Kr	31 588,61 Kr
Sum eigenkapital og gjeld	32 505,61 Kr	31 588,61 Kr
Inntekter		
Overføringar internt	0,00 Kr	Kr
Sum inntekter	0,00 Kr	0,00 Kr
Utgifter		
Overføringar internt	0,00 Kr	Kr
Sum utgifter	0,00 Kr	0,00 Kr
Finansinntekter		
Renter	917,00 Kr	950,00 Kr
Sum finansinntekter	917,00 Kr	950,00 Kr
Arsresultat	917,00	

Regnskapssamandrag 2025

FOLIOKONTO 3578.31.11487

Eigendeler	2025	2024
Anleggsm. Brurekrone	69 950,00 Kr	0,00 Kr
Omløpsm. Bank	67 803,90 Kr	104 526,79 Kr
+Utestående kollekt	0,00 Kr	1 200,00 Kr
+Kundefordringer	0,00 Kr	0,00 Kr
Sum eigendeler	137 753,90 Kr	105 726,79 Kr

Eigenkapital/Gjeld		
Egenkapital	136 793,05 Kr	91 702,64 Kr
Tilført Brurekrone	0,00 Kr	0,00 Kr
Tilført omløpsmidler	0,00 Kr	0,00 Kr
-Ubetalt/ufordelt kollekt	0,00 Kr	14 024,15 Kr
-Leverandørgjeld	960,85 Kr	0,00 Kr
Sun egenkapital / gjeld	137 753,90 Kr	105 726,79 Kr

Inntekter		
-Leigeinntekt Brurekrone	0,00 Kr	Kr
-Gåver	6 500,00 Kr	Kr
-Fasteaksjonen	0,00 Kr	5 614,00 Kr
-Kollekt til andre	20 276,77 Kr	20 870,22 Kr
-Kollekt egen kyrkjelyd	2 285,00 Kr	4 818,50 Kr
-Kollekt Fredagsklubb	0,00 Kr	1 488,00 Kr
-Kollekt Kyrkjemusikalsk	6 729,25 Kr	5 017,50 Kr
-Kollekt Konfirmant	7 387,50 Kr	6 338,75 Kr
-Klokkertjenester	6 737,00 Kr	1 735,50 Kr
-Anna inntekt	8 058,75 Kr	394,00 Kr
Sum inntekter	57 974,27 Kr	46 276,47 Kr

Utgifter		
+Forsikring	0,00 Kr	Kr
+Vedlikehold Brurekrone	0,00 Kr	Kr
+Refusjoner og gåver	6 500,00 Kr	Kr
+Lydanlegg	36 331,62 Kr	Kr
+Til Fasteaksjonen	0,00 Kr	Kr
+Overført kollekt andre	20 276,77 Kr	32 745,46 Kr
+Overf.kollekt Fredagskl	0,00 Kr	1 448,00 Kr
+Overf.kollekt musikalsk	6 729,25 Kr	9 651,50 Kr
+Overf.kollekt Konfirmant	7 387,50 Kr	7 752,75 Kr
+Anna driftsutgift	9 544,43 Kr	17 502,26 Kr
Sum utgifter	86 769,57 Kr	69 099,97 Kr

Finansinntekter		
-Renteinntekter	288,00 Kr	517,00 Kr
Årsresultat	-28 507,30 Kr	-22 306,50 Kr

Rekneskapssamandrag**2025****Legatkonto 3578.50.36261**

Eigendeler	2025	2024
Bank	103 296,51 Kr	116 804,27 Kr
Sum eigendeler	103 296,51 Kr	116 804,27 Kr
Eigenkapital og gjeld		
Avsett til Lydanlegg Oppheim	0,00 Kr	31 500,00 Kr
Avsett til Alterring Oppheim	20 000,00 Kr	20 000,00 Kr
Avsett til Prosjektor Oppheim	43 180,00 Kr	22 000,00 Kr
Avsett til Konf.leir og T-dagar	40 116,51 Kr	43 304,27 Kr
Avsett til Fredagsklubben	0,00 Kr	Kr
Avsett til Musikkarbeid	0,00 Kr	Kr
Sum egenkapital	103 296,51 Kr	116 804,27 Kr
Inntekter		
LGKS	60 000,00 Kr	50 000,00 Kr
Foreldrebetaling konf.leir	11 000,00 Kr	14 000,00 Kr
Vossestrand indremisjon	6 758,00 Kr	8 666,00 Kr
Sum inntekter	77 758,00 Kr	72 666,00 Kr
Utgifter		
Barnebiblar		995,00
Kyrkjemusikalsk felleskonto	14 100,00 Kr	11 250,00 Kr
Fredagsklubben felleskonto	10 620,00 Kr	7 500,00 Kr
Konfirmantleir	38 205,76 Kr	44 430,40 Kr
Vinje sokn folio	0,00 Kr	Kr
Konfirmant felleskonto	0,00 Kr	Kr
Oppheim sokn	31 500,00 Kr	18 750,00 Kr
Sum utgifter	94 425,76 Kr	82 925,40 Kr
Finansinntekter		
Rente inntekter	3 160,00 Kr	3 788,00 Kr
Sum finansinntekter	3 160,00 Kr	3 788,00 Kr
ÅRSRESULTAT	-13 507,76 Kr	-6 471,40 Kr

Rekneskapssamandrag

Musikalsk konto 3578.50.39783

Eigendeler	2025	2024
Bank	42 719,36 Kr	24 950,02 Kr
Sum eigendeler	42 719,36 Kr	24 950,02 Kr

Egenkapital og gjeld

Egenkapital	37 544,36 Kr	24 950,02 Kr
0	0,00 Kr	0,00 Kr
Leverandørgjeld	5 175,00 Kr	0,00 Kr
Sum egenkapital og gjeld	42 719,36 Kr	24 950,02 Kr

Inntekter

Honorar til Barnekoret	3 100,00 Kr	234,00 Kr
0	0,00	
Kollekt fra Oppheim	1 108,12 Kr	1 929,00 Kr
0	0,00	
Kollekt fra Vinje	8 524,75 Kr	2 651,50 Kr
Gåver intern overføring	20 600,00 Kr	11 250,00 Kr
Overføringer internt	0,00 Kr	7 000,00 Kr
Overføringer fra andre	0,00 Kr	21 332,00 Kr
Sum inntekter	33 332,87 Kr	44 396,50 Kr

Utgifter

Honorar	17 850,00 Kr	15 952,00 Kr
Andre driftskostnader	0,00 Kr	Kr
Barnekoret	3 920,53 Kr	8 612,77 Kr
Sum utgifter	21 770,53 Kr	24 564,77 Kr

Finansinntekter

Renteinntekter	-1 032,00 Kr	677,00 Kr
Sum Finansinntekter	-1 032,00 Kr	677,00 Kr

Årsresultat	12 594,34 Kr	20 508,73 Kr
--------------------	---------------------	---------------------

Rekneskapssamandrag 2025

Strandaklang 3578 50 38159 Vinje og Oppheim sokneråd 2025

Eigendeler	2025	2024
Bank	72 525,42 Kr	70 439,42 Kr
Sum eigendeler	72 525,42 Kr	70 439,42 Kr
Eigenkapital og gjeld		
Eigenkapital	72 525,42 Kr	70 439,42 Kr
Sum eigenkapital og gjeld	72 525,42 Kr	70 439,42 Kr
Inntekter		
Billettsalg	0,00 Kr	2 098,00 Kr
Overføringar internt	0,00 Kr	Kr
Ledig	0,00 Kr	Kr
Sum inntekter	0,00 Kr	2 098,00 Kr
Utgifter		
Overføringar internt	0,00 Kr	Kr
Tono Avgift	0,00 Kr	Kr
Konsert kostnader	0,00 Kr	Kr
Sum utgifter	0,00 Kr	0,00 Kr
Finansinntekter		
Renteinntekter	2 086,00 Kr	2 098,00 Kr
Sum finansinntekter	2 086,00 Kr	2 098,00 Kr
Årsresultat	2 086,00 Kr	4 196,00

Vinje 11/2 - 26

Alle kontoar er reviderte etter
framlagde bilag og kontoutskrifter.

Rår til at årsmøtet godkjenner relanseringen.

Brita Tveite

Gunnar Kvitne